

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hosanger

Emne: Skav

Bygdelag: Indre Hosanger

Oppskr. av: Edv. Halvorsen

Gard: Romarheim

(adresse): Romarheim

G.nr. 42 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter kårmann Andreas I. Romarheim, 66 år.

SVAR

1. Alt hjelpefor som vert bruka på gardane her ikring, vert kalla bjerg; d.v.s. slikt ein skal bjerga seg med i forknipa. (I indre Hosanger seier ein å bjerga seg , i st. f. å berga seg.)

2. Utanom ordet bjerg, har ein ikkje noko samnamn for skav, beit og brom.

3. Ordet skava vert bøygt slik: å skava, skjev, skov, skave.

4. Skav har vore mykje nytta som hjelpefor her i bygdi, og vert bruka den dag i dag, men mykje mindre enn før. For ein mannsalder sidan, og lenger attende, var skavet noko ein rekna med som eit årvisst forslag, og vart bruka heile vinteren i gjennom attåt høyet. No derimot vert det sjeldan nytta utanom i forknipa om våren.

5. Til skav vart her i bygdi mest^{bruka} raun, men også osp og noko alm. Sistnemnde heldt dei for å vera gjævaste skavtreet, men då her er lite av det slaget, var det raunen som vart mest nytta. Ein skov ikkje alle slag lauvtre, og ikkje bartre.

2

6. Når dei sa dei skulle hogga skav, så meinte dei alltid raun.

8. Jortardyri - serleg kyrne - fekk skavet, det vart aldri gjeve til hesten. Som før nemnt, vart skav bruka heile vinteren, som oftast blanda saman med høyet. Dei bruka ikkje anna skav enn det som beisti ville eta.

9. Dei meinte at skavet heldt kyrne oppe i mjølk, og serleg tykte dei at dei fekk meir rjome på mjølki når dei nytta skav. (Høgare feittprocent). Men vart det bruka mykje ospeskav, kunne det setja usmak på mjølki.

10. Det var vanleg at ein mange gonger for vinteren laut draga eins ærend til skogs etter skav-ved, utanom den vanlege vedhenting.

Til hesjestauro bruka dei mykje raun, og han vart godtsom alltid skaven.

11 og 12. Den vanlege nemning var at dei skulle henta skav; med det meintest då skav-veden med borken på.

14. Det var om vinteren og utover våren dei henta skav; det vart ikkje halde for noko sers surt eller hardt arbeid. Noko skavhenting langfredag har ingen høyrte gjete.

15. Dei heldt seg ute på tunet eller i skytja med storskavet, (frå hesjestauro og oppover), og i stova med småskavet.

16. Dei bruka ein reiskap dei kalla skavlja, og han såg slik ut:



3

Skavljåen var laga spesielt til dette arbeidet. Det var handtak berre i den eine enden; den andre enden var av rundt jarn, oml. 1 cm i tverrmål.

17. Det var ymis framgangsmåte med skavingi, etter som ein hadde med storskav eller småskav å gjera.

Storskavet (frå hesjestaur og oppover); vart skave ute, eller i vedskytja, og dei la då stau- ren eller strangen i sagekrakken, tok med bae hender i skavljåen og skov borken av eine enden som stakk framom krakken. Når dei var komne så langt innpå stau- ren med skavingi at han heldt på vippe, sette dei eine enden mot jordi og i skrå opp mot krakken. Så sat dei på stau- ren(strangen) med dei tok resten av borken.

Småskavet (alt som var mindre enn hesjestaur) kappade dei fyrst opp i små lengder - oml. ein halv meter - og tok det inn i stova og skov det om kveldane. Då bru- ka dei ein heilt annan framgangsmåte: Dei batt ei fjøl, (8-10 cm brei) fast til eine senge-stokken, la så skav- ljåen inn mot denne fjøli, og heldt han fast med høg- re handi, medan dei med vinstre drog kjeppane under ljå- en og skov av. Når så halve kjeppen var ferdig, snudde dei han og tok resten.

18. Sume brukte også ei stong som rakk frå gol- vet og opp til biten; noko sers namn hadde dei ikkje på denne.

20 og 21. Både skav-veden og borken ein skov av, vart kalla skav. Småbetane vart kalla skavblokker.

22. Dei skov ved i ymis storleik, frå kjeppar så store som ein finger, og til stokkar så tjukke som låret på ein vaksen mann.

23. Kjeppane i småskavet vart kalla skjevling når borken var komen av. (skjevling - skjevlingen - skjevlingar - skjevlingane). Storskavet heitte som oftast strange eller staur etterpå også.

24. Dei skov helst slik at litt av sjølve vedlaget fylgde med. Ikkje alle var like dugande til å skava; sume var flinkare enn dei andre.

25. Skjevlingane og den andre veden som vart avskaven, vart nytta som vanleg brennefang.

26. Skav vert av og til nytta som for enno, men dei fleste slutta med det for 20 - 30 år sidan. No er det serleg i vårknipa at ein og annan driv med skaving.